
Fra: Jon-åge Storheim <jonaage54@yahoo.no>
Sendt: søndag 1. september 2019 22.18
Til: Postmottak Radøy
Emne: Ekstraordinær tilskotsordning

Norsk Tempoklubb avd. Nordhordland har ei brakke som klubbhus på Olsvollstranda. Brakka treng ny kledning og maling utvendig. Kostnadsoverslag for materialar er på kr.12.000,-. Arbeidet vil me utføre på dugnad.

Brakka sto på Mongstad under utbygginga på 80-talet, og delar av kledningen er den opprinnelege. Resten er tilfeldig gjenbruk. Austveggen er eit lappverk med tre ulike typar kledning. Det er roteskadar, sprekker og nokre hol i resten. Så tida er inne for fornying. Difor søker me om kr. 12.000,- til dette.

Litt informasjon om klubben: Norsk Tempoklubb avd. Nordhordland er ein lokalavdeling av Norsk Tempoklubb som har som formål å ta vare på Tempo motorsyklar og Tempolett mopedar som vart produserte av Jonas Øglænd på Sandnes. Norsk Tempoklubb vart skipa i 1990 og lokalavdelinga i 2000. Lokalavdelinga har 32 medlemmar frå Nordhordland og Bergen.

Utstillingane våre er populære og godt besøkt når me har utstillingar på ulike kulturarr. Alderen på medlemmane er frå 20 til 80 år.

Me vonar på eit positivt svar.

Mvh. Jon-Åge Storheim
Leiar NTK avd Nordhordland